



Mona Langenes  
Langeneset 10  
5912 SEIM

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 21/3373 - 21/31399

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
07.05.2021

## **Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 60/2 Langenes**

Tiltak:  
Byggjestad: Gbnr: 60/2  
Tiltakshavar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 14.04.2021.

### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Situasjonsplan manglar. Det er berre sendt inn kart utan at omsøkt naustetomt er teikna inn.
2. Søknadsskjemaet er mangelfullt utfylt. Det er ikkje kryssa av for kva ein søker om, punkt 2. Det er ikkje kryssa av for kva plan søknaden er i samsvar med, punkt 2. Det er ikkje kryssa av i punkt 3. Det er ikkje kryssa av i punkt 8 for tilkomst i punkt 8. Det er ikkje kryssa av for vedlegg i punkt 10. Punkt 11 er ikkje fylt ut. I punkt 12 er ikkje kryssa av for at det er heimelshavar som skriv under.
3. Skjemaet «opplysningar gjeve i nabovarsel» er mangelfullt utfylt. Kva meiner ein med «Felles naust»? Dette må forklarast.
4. Kvitteringsskjema for nabovarsel er mangelfullt utfylt. Men, her reknar ein med at naboane som har kvittert er munnleg orientert om kva søknaden gjeld.
5. Innsendt skjema for erklæring om vegrett er berre fylt ut med namnet på avgjevaren.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 08.06.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Mona Langenes

Langeneset 10

5912 SEIM